



MØTEINNKALLING

Organ: Sogn regionråd
Møtestad: Aurland - Aurland rådhus
Dato: 28.10.2022
Tidspunkt: 09:00 -15:15

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 908 30 284 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

0900-0945 Trygve Skjerdal ønskjer velkomen til Aurland
Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 9. september 2022
Handsaming av saker i Sogn regionråd

Orienteringar

0945-1015 Statsbudsjettet 2023 – samferdsle v/ Jan Øhickers, Vidsyn rådgivning
Pause
1030-1145 Oppgradering av Lærdalstunnelen v/ prosjektleiar Stig Berg-Thomassen, Statens vegvesen
1145-1215 Lunsj
1215-1310 Forprosjekta innan næringsutvikling – korte orienteringar ved prosjektleiarane:
Reiseliv v/ Line Bjelde, Sogn næring (digitalt)
Merkevare og profil v/ Joakim Systaddal, Sogndal kommune

Grøn næringsutvikling v/ Trine Grøtnebø, Årdal utvikling(digitalt)

Teknologi og digitalisering v/ Trine Grøtnebø, Årdal utvikling (digitalt)

1315-1345 Samarbeid om næringsutvikling v/ Joakim Systaddal, Sogndal kommune

Pause

1350-1450 Konsekvensen av ny grunnrenteskatt på kraftverka

Grøn næringsutvikling

v/ Terje Bakke Nævdal, direktør Sognekraft

1455-1515 Laks som indikator på berekraft og miljøvennlege kommunar v/ Alf Olsen, Nasjonalt villakssenter

Roy Egil Stadheim
nestleiar

Dette dokumentet er elektronisk og har difor ikkje underskrift

Saksliste

Saksnr.	Tittel	Lukka
PS 16/2022	Val av styremedlem til stiftinga De Heibergske Samlinger	
PS 17/2022	Møteplan for 2023	
PS 18/2022	Orienteringssaker 28. oktober 2022	



Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar
Sak nr.: 2022/8265 - 2

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
16/2022	28.10.2022	Sogn regionråd

Val av styremedlem til stiftinga De Heibergske Samlinger

Tilråding:

Som styremedlem frå Sogn regionråd vert vald:
Som personleg varamedlem vert vald:

Vedlegg:

1. Vedtekter for Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
2. Søknad om fritak frå Marta Finden Halset

SAKSFRAMSTILLING

I samsvar med vedtekter for Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum § 4 skal Sogn regionråd velje eitt styremedlem med personleg vara. Styret består av tre medlemmar; to frå Sogndal kommune og eitt frå Sogn regionråd. Valperioden er på 4 år og vil gjelde fram til nytt kommunestyreval i 2023.

Sogn regionråd valde i møtet 4.12.2009 følgjande styremedlemmar:
Styremedlem: Marta Finden Halset
Vara: Per Birger Lomheim

Marta Finden Halset har søkt om fritak frå vervet som styremedlem i stiftinga.

Stiftinga sitt formål

Stiftinga sitt formål er å stå som eigar av museet De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, inkludert avdelinga Norsk Reiselivsmuseum. Drift og vedlikehald av eigedomar og eigneluter er gjennom avtale datert 14.01.2009 overteke av stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Styret sine oppgåver

Styret skal sjå til at eigedomane til stiftinga vert forvalta på ein forsvarleg måte. Styret skal velja ein representant til Rådet for Musea i Sogn og Fjordane.

Styret skal avgi årsrekneskap og årsmelding og oversende dette saman med revisjonsmelding til rekneskapsregisteret og andre offentlege instansar som til ei kvar tid har krav på det innan dei fristar som er fastsette.

BALESTRAND KOMMUNE	
Avd.	Saksbeh.
04 DES 2009	
Reg.nr. 6013/09	J.nr. 09/1147
Arkivkode C56	
Gradering	

VEDTEKTER
for
Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Org. nr 993 318 264
Vedtekne 16.11.2009.

§ 1.

Namn og rettsleg stilling.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er ein sjølvveigande vitenskapelig, kulturhistorisk institusjon, organisert som stifting.

Stiftinga sitt hovudkontor er i Sogndal kommune.

§ 2.

Formål.

Stiftinga sitt formål er å stå som eigar av museet De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, inkludert avdelinga Norsk Reiselivsmuseum. Drift og vedlikehald av eigedomar og eigneluter er gjennom avtale datert 14.01.2009 overteke av stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Dersom denne avtalen vert sagt opp, vil stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum overta driftsansvaret for eigedomane og eignelutene sine.

§ 3.

Grunnkapital.

Stiftinga sin grunnkapital er kr. 200.000.

§ 4.

Styret.

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Styret består av 3 medlemmer med personlege varamedlemmer, som vert valde slik:

- Ein medlem vert vald av Sogn Regionråd.
- Ein medlem vert vald av Sogndal kommune
- Ein medlem vert vald av Balestrand kommune.

Styremedlemene vert valde for fire år om gongen. Valperioden følgjer kommunestyrevalperioden.

Styret konstituerer seg sjølv.

Styret er vedtaksført når minst 2 medlemmer er til stades. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme.

Styret vert innkalla når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 2 styremedlemer krev det.

Musea i Sogn og Fjordane sin avdelingsdirektør for De Heibergske Samlinger har rett og plikt til å møta i styremøta. Avdelingsdirektøren kan vera sekretær for styret, dersom styret ynskjer det.

Det skal førast protokoll over styret sine møte.

§ 5.

Styret sine oppgaver.

Styret skal sjå til at eigedomane til stiftinga vert forvalta på ein forsvarleg måte.

Dersom Musea i Sogn og Fjordane vil gjera store endringar i De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum sine eigedomar, kan dette berre skje etter samtykke frå eigar. Dersom Musea i Sogn og Fjordane ynskjer å reisa nye bygningar på grunn som De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum eig, kan dette også berre skje etter samtykke frå eigar.

Styret skal velja ein representant til Rådet for Musea i Sogn og Fjordane.

Styret skal avgi årsrekneskap og årsmelding og oversende dette saman med revisjonsmelding til rekneskapsregisteret og andre offentlege instansar som til ei kvar tid har krav på det innan dei fristar som er fastsette.

Drifta ved museet kan ikkje nedleggjast utan styret sitt samtykke.

Styret skal avgjera om namnet til stiftinga skal kunna endrast.

§ 6.

Revisjon.

Rekneskapen skal reviderast av revisor som vert oppnemnt av styret. Revisjonen skal gjennomførast i samsvar med lov og offentlege pålegg.

§ 7.

Omdanning.

Endring av desse vedtektene kan berre skje etter vedtak med 2/3 fleirtal av styret.

Endringane må godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune og av det mynde som stiftingslova til ei kvar tid fastset.

§ 8.

Opplysning av stiftinga.

I tilfelle stiftinga blir oppløyst etter fleirtallsvedtak som nemnt i § 7, skal stiftinga sin eigedom bli overført til eit organ som kan ivareta stiftinga sitt formål eller et nært beslekta formål.

§ 9.

Stiftingslova.

Elles gjeld lov av 15.6.2001 nr. 59 om stiftingar.

Geit Heiberg
Andr. Torgersen

Kari Skosen

Odd Jørgen Løvheim

Pav Birger Lomheim

Oddbjørn Bukve

Fra: Marta Finden Halset[marta.finden.halset@sogn.no]
Sendt: 06.10.2021 10:19:50
Til: Karina Nerland[Karina.Nerland@sogndal.kommune.no]
Tittel: stiftinga De Heibergske samlinger- Sogn Folkemuseum

Hei

Eg er valgd av Sogn regionråd til medlem i stiftinga De Heiberske samlinger- Sogn Folkemuseum.

Eg ynskjer ikkje å ha dette vervet lenger og ber om fritak ved neste val.

Helsing

Marta Finden Halset
Fjordavegen 2494

6893 Vik i Sogn

Tlf 90592566

Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar

Sak nr.: 2022/8280 - 1

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
17/2022	28.10.2022	Sogn regionråd

Møteplan for 2023**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2023:

Regionrådsmøte:

27. januar

10. mars

25. april

16. juni

3. november

15. desember

Møte i Sognatinget: tysdag 21. mars

Møte for interkommunale selskap:

21. april

27. oktober

SAKSFRAMSTILLING

Forslag til møtedatoar og – stader er:

Regionrådsmøte:

27. januar, Årdal

10. mars, Lærdal

25. april, Vik

16. juni, Sogndal

3. november, Luster

15. desember, Aurland

Sognatinget: tysdag 21. mars

Møte for interkommunale selskap:

21. april

27. oktober

Rådsmøta er lagt til fredagar, utanom møtet 25. april, som er same dag som entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane i Vik. Møtestader elles i oversikta kan endrast. Grunna kommunevalet er det ikkje sett opp møte i midten av september.

Sognatinget med formannskapa vil bli arrangert to gonger i året for å styrka det regionale samarbeidet. Grunna kommunevalet er det ikkje sett opp møte i Sognatinget på hausten.

Dei to møtedagane for interkommunale selskap er også lagt til fredagar:
21. april og 27. oktober. Møtestad blir etter avtale med selskapa.



Sakshandsamar: Karina Nerland, dagleg leiar
Sak nr.: 2022/607 - 9

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
18/2022	28.10.2022	Sogn regionråd

Orienteringssaker 28. oktober 2022

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
3. Samferdslegruppa
4. Administrasjonen
5. Rådmannsgruppa
6. Statsbudsjettet 2023 – samferdsle v/ Jan Øhlckers, Vidsyn rådgivning
7. Oppgradering av Lærdalstunnelen v/ prosjektleiar Stig Berg-Thomassen, Statens vegvesen
8. Forprosjekta innan næringsutvikling (vedlegg) – orienteringar ved prosjektleiarane:
 - Reiseliv v/ Line Bjelde, Sogn næring
 - Merkevarer og profil v/ Joakim Systaddal, Sogndal kommune
 - Grøn næringsutvikling v/ Trine Grøtnebø, Årdal utvikling
 - Teknologi og digitalisering v/ Trine Grøtnebø, Årdal utvikling
9. Samarbeid om næringsutvikling v/ Joakim Systaddal, Sogndal kommune
10. Konsekvensen av ny grunnrenteskatt på kraftverka
Grøn næringsutvikling v/ direktør Terje Bakke Nævdal, Sognekraft
11. Laks som indikator på berekraft og miljøvennlege kommunar v/ dagleg leiar Alf Olsen, Nasjonalt villakssenter

Skriv og meldingar

1. Møtereferat Kompetanseforum Sogn, 16.9.2022
2. Oppsummering frå møte i Sognatinget 27.9.2022
3. Notat – statsbudsjettet 2023 – samferdsle, 11.10.2022



Møtereferat Kompetanseforum Sogn

Dato: 16. september 2022
Tidspunkt: Kl 11-1330
Møtestad: Dalavegen 2, Sogndal - Møterom IKT 2. etg

Deltakarar:

Henry Helle, ass. rektor møtte for Jorunn Felde, rektor Sogndal vidaregåande skule
Ingeborg Lysne, leiar i næringsnettverket i Sogn
Kjetil Kvåle, dagleg leiar Kunnskapsparken Vestland
Anne Kauppi, dagleg leiar Sogn opplæringskontor (digitalt)
Rigmor Wathne, avdelingsleiar møtte for Sara Johnsberg, leiar NAV region Sogn
Gunn Lerøy, kommunedirektør Lærdal møtte for Stig Stark-Johansen, leiar i rådmannsgruppa Sogn regionråd
Kathrin Jakobsen, seksjonsjef møtte for Kristin Iversen, Vestland fylkeskommune, observatør (digitalt)
Karina Nerland, dagleg leiar, Sogn regionråd

Forfall:

Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vidaregåande skule
Geir Kjetil Øvstetun, rektor Årdal vidaregåande skule
Bjørn Lødemel, dagleg leiar Sogn og Fjordane næringsråd
Tone Skjerdal, seniorrådgjevar Høgskulen på Vestlandet
Heidi Østerbø Nes, karriererettleiar for vaksne, Sogndal

Innleiarar:

Torgeir Skålid, dagleg leiar Sogn næring
Jeanette Walsvik, prosjektleiar Sogn for alle, Sogn regionråd
Bente Mossige Ask, prosjektleiar desentralisert sjukepleiarutdanning Sogn regionråd
Vivian Kårbø, prosjektleiar kompetanse, Nordhordland næringslag (digitalt)

1. **Velkomen og presentasjon av arbeidet i lokalt kompetanseforum v/ Karina Nerland, leiar kompetanseforum Sogn.**

Forumet sine oppgåver er å fange opp kompetansebehov, gi innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet, dele gode prosjekt og bidra til at det blir utvikla relevante utdanningstilbod. Tema for dette møtet er å dele gode prosjekt og samarbeid som bidrar til å løyse kompetansebehova.

2. **Samarbeid om rekrutteringsprosjektet mat- og restaurantfaget v/ Torgeir Skålid, Sogn næring og Rigmor Wathne NAV.**

Stort behov i Sogn for arbeidskraft med fagbrev i restaurant- og matfag. Mange aktørar har vore med for å mobilisera søkjarar og lærebedrifter. Rekruttert elevar både til ordinær utdanning og vaksenopplæring. Prosjektet er eit godt døme på at samarbeid gir resultat.

3. **Sognalooop – jobbsjansje for kvalifisering av innvandrarkvinner i Sogn v/ Jeanette Walsvik**
prosjektleder Sogn for alle, Sogn regionråd

Innvandrarkvinner får arbeidspraksis og språkopplæring i eitt år i tre bedrifter som har arbeidskraftbehov. Bedriftene får tilbod om mentorprogram. Nytt program startar i oktober. Godt resultat der nesten alle er i jobb/utdanning og bedriftene får auka inkluderingskompetanse. Nye loopar vert starta opp i løpet av hausten.

4. **Prosjektet desentralisert sjukepleiarutdanning i Sogn – status og erfaringar v/ Bente Mossige**
Ask, prosjektleder Sogn regionråd

Kommunane i Sogn har stort behov for sjukepleiarar og har sidan 2019 samarbeidd om å få kommunalt tilsette til å byrja på deltidsutdanninga. Erfaringa er at prosjektet har bidrege til auka merksemd og meir aktivt arbeid med å finne kandidatar. Status no er at det er behov for undervisning for dei som skal ta privatisteksamen i norsk og matematikk.

Rådet jobbar parallelt for ei betre tilrettelegging av sjukepleiarutdanninga med meir nettbasert og samlingsbasert undervisning.

Kompetanseforum ønskjer at det vert sett på moglegheiten for å gjennomføre intensivt kurs/sommarkurs jf tilbodet for ingeniørfag.

5. **Læreplassgaranti – gjennomføring og erfaringar v/ Vivian Kårbø, prosjektleder kompetanse**
Nordhordland næringslag. Skule og verksemdar i regionen har samarbeidd i mange år. Elevar får praksis (YFF) i bedrifter som tek inn lærlingar og det blir gitt god informasjon gjennom heile skuleløpet.

NAV har tiltak om utvida oppfølging i opplæring som er retta mot ungdommar som treng ekstra oppfølging.

Fylkeskommunen lyser ut midlar til prosjekt som skal fremje ordninga med læreplassgaranti med søknadsfrist 1.11.2022. Kompetanseforum Sogn vurderer kven som skal stå som lokal søkjar på vegne av regionen.

Kompetanseforum Sogn ønskjer at Sogn opplæringskontor søker på vegne av regionen.

6. **Neste møte – tidspunkt og innspel til tema**

Neste møte blir i november. Dato kjem seinare.

Innspel til tema: Moglegheiten for intensivt kurs slik at tilsette kan kvalifisere seg før opptak til høgskuleutdanning.

Alle presentasjonane ligg ved.



Notat til Samferdslegruppa i Sogn regionråd
Frå Jan Øhlckers, Vidsyn rådgivning as

11. oktober 2022

Statsbudsjettet 2023 – Samferdsle - Sentrale poeng og utdrag

E16 Lærdalstunnelen

Bakgrunn

Det er omtalt på side 118 i samferdsledepartementet sitt budsjett (B23):

«Prosjektet er sist omtalt i Prop. 1 S (2021–2022), side 129. Det omfatter en rekke tiltak for å ivareta krav i tunnelsikkerhetsforskriften og elektroforskriftene.

Bl.a. skal det bygges flere nye tekniske bygg med tilhørende bergrom. Ventilasjonen oppgraderes ved at eksisterende ventilasjonsanlegg blir supplert med to nye sjaktventilatorer i en ny ventilasjonstunnel.

I tillegg skiftes lysanlegget, det bygges nødstasjoner, og installeres ledelys og nytt overvåkingssystem.

Det er lagt opp til at utbedringsarbeidene kan starte opp høsten 2023, og arbeidene er ventet ferdigstilt i 2028.»

Grunngjevinga for at arbeidet må gjerast er at strekka er ein del av den norske delen av det transeuropeiske vegnettverket (TEN-T-vegnettet) med krav i tunnelføresegnene og direktiv 2004/54/EF om tunnelsikkerheit mm. Fem tunnelar som ligg på dette vegnettet blir utbetra no i 2022. Det står då att å oppgradere 24 tunnelar på dette vegnettet. Det er lagt til grunn at 20 andre tunnelar over tid vert erstatta med nye vegstrekningar, og desse vert difor ikkje oppgradert. Det gjeld bl.a. fellesprosjektet Vossebanen/E16 Arna–Stanghelle og E16 Hylland–Slæen, som både to no er utsett i B23-framlegget.

Prosjektet var omhandla i Prop. 193 S 2020–2021 «Nokre saker om luftfart, veg, særskilde transporttiltak og jernbane». Statens vegvesen hadde der som grunnlag for sitt framlegg til styrings- og kostnadsramme¹ lagt til grunn at tunnelen vert stengt kvar natt i tidsrommet 22:00–06:00 i fem år.

Ei samla komité uttalte:

«Lærdalstunnelen er 24 km lang, og det er svært krevjande å gjennomføre utbetringsarbeida samtidig som tunnelen i store delar av døgnet skal vere open for trafikk. Komiteen legg til grunn at detaljane knytte til stengingsperiode vert planlagde i nært samarbeid med kommunane, lokalt næringsliv og transportnæringa. Komiteen viser til at det vert lagt til rette for framtidig bygging av evakueringsrom til ein anslått kostnad på 150 mill.

¹ 2 304 MNOK

kroner, og at det er viktig for ein tunnel av denne lengda og med høg tungbilandel og store sesongvariasjonar i trafikken.»

Det er dette alternativet - med nattestenging - som framleis ligg i B23. Kostnadsramma er no oppdatert til 2 502 MNOK.

Status

Det ser framleis ut som to løp er urealistisk no. I så fall må det ein utsetting til, i påvente av at EU i direktivet ev. kjem med eit krav om to separate løp i (TEN-T-vegnettet).

Prosjektleiar Stig Berg-Thomassen² i SVV opplyser at dei pga. av mykje sprakfjell er usikre på om dei kan få til eit føreseieleg stengings- opningsregime med nattestengt. Han er difor no i dialog med relevante, lokale aktørar (helse, politi, kommunar mm.) for å utforske alternativet med full stenging i eitt år.

SVV er innstilt på å sette inn store avbøtande tiltak ved ei slik løysing, då det ikkje er tilfredsstillande omkøyringsalternativ, særleg på vinterstid og for tunge køyretøy. Det kan vere ferje, hurtigbåt o.l.

Dersom det er ikkje får store følgjer for styrings- og kostandsramma er det neppe naudsynt å gå attende til Stortinga med ei slik løysing.

Prosjektleiaren kjenner ikkje til noko krav om dagmulkter frå EU.

Rådet bør inn i denne dialogen, om det er mogeleg å opptre samla.

E16 Hylland-Slæen

I budsjettet for 2022 vart det avsett midlar til forberedande arbeid med prosjektering, grunnundersøkingar, hogst og flytting av kablar. Målsettinga var å sikre at prosjektet, som ligg i NTP 22 -33 kunne bli klart for anleggstart i 2023.

Saman med bl.a. Fellesprosjektet Vossebanen/E16 Arna–Stanghelle er Hylland- Slæen no utsett. Det er heller ikkje gjort førebuande arbeid i 2022. I framlegget til B23 går det fram at (s. 12):

«Med regjeringas budsjettforslag ligg det ikkje an til at nokre av desse vil bli starta opp i 2023. Det er heller ikkje sett av midlar til førebuande arbeid. Vidare framdrift i prosjekta vil bli vurdert fram mot statsbudsjettet for 2024.»

Fellesprosjektet i Vossebanen/E16 Arna-Stanghelle

Dette prosjektet er òg utsett. Samstundes ligg avgjerda om å ikkje gjere noko med tunnelane på denne strekka fast.

Regjeringa varslar ei omfattande gjennomgang for å nedskalere og vurdere lågare standard (s. 12):

«Fram mot ny nasjonal transportplan skal både Statens vegvesen og Nye Veier sjå på om det er mogeleg å nedskalere prosjekt, t.d. om fleire strekkingar kan utbetrast framfor fullskala utbygging. Samferdselsdepartementet vil vurdere vegnormalane for å sikre ein meir hensiktsmessig standard på utbyggingsprosjekta. Departementet har òg bedt verksemdene vurdere korleis metodikken for samfunnsøkonomiske analysar

² Mobil: 975 83 988, e-post: stig.berg-thomassen@vegvesen.no

kan utviklast vidare, m.a. knytt til korleis næringstransport/godstransport og vegar med låg årsdøgntrafikk betre kan bli ivaretatt i analysane.

Rv 13 Vikafjellet

I B23 går det fram (s. 105):

«Rv. 13 mellom Skare og Sogndal over Vikafjellet ble overført til Nye Veier i Nasjonal transportplan 2022–2033. Selskapet arbeider med helhetlige analyser på strekningen der mulige tiltak mot skred og tiltak som øker fremkommeligheten og forutsigbarheten for brukerne står sentralt. Det overordnede analysearbeidet av strekningen, som også inkluderer vurdering av ny Vikafjelltunnel, forventes ferdigstilt i 2023.»

Dette samsvarar godt med innspelet i NTP'prosessen frå Nye Veier AS (NV) til departementet 15. juni 2022. NV er i brevet positiv til prosjektet og det vert konkludert med:

«Å se Vikafjell-prosjektet i sammenheng med den øvrige utbyggingen av rv 13 er fornuftig og kostnadsbesparende. Rassikringsprosjektene kan naturligvis stå på egne ben, men både Vik-Vangsnes og spesielt Kvasdalen vil kunne nyttiggjøre seg steinmasser frå tunnelprosjektet, og følgelig har positive effekter for det totale kostnadsbildet og den samfunnsøkonomiske lønnsomheten. Nye Veier er positive og ser gode synergieffekter av å innlemme Vikafjell-prosjektet i sin portefølje. Dette under forutsetning at det blir gjort tilgjengelig finansiering for å kunne betale for investeringene.»

Samstundes går det fram av B23 at:

«Nåværende regjeringspartier ga i forrige stortingsperiode i hovedsak sin tilslutning til regjeringen Solbergs prioritering av veiprosjekter i Nasjonal transportplan og økonomisk planramme for planperioden 2022–2033, men både Arbeiderpartiet, Senterpartiet og andre partier som til sammen utgjør et flertall, ga i tillegg støtte til prosjektene rv. 13 Vikafjellet, rv. 15 Strynefjellet, E134 Bakka–Solheim, E14 Stjørdal–Storlien, E39 Vågsbotn–Klauvaneset, E16 Fagernes sør–Hande og E10 Fiskebøl–Nappstraumen.»

Støtta var stort sett verbal og knytt til ulike framlegg, stort sett utan dekking.

Dilemma

Vikafjellet har styrka sin posisjon i tida etter handsaminga av NTP'en før sommaren.

Men som Erling Sande peika på i møtet med stortingsbenken sist er det styret i Nye Veier AS som har full råderett over prioriteringa innafor si portefølje. Det er difor ikkje sikkert at Stortinget kan gje føringar eller instruere styret i NV. Det er soleis ikkje automatikk i at sjølv med ei auka ramme at den vil gå til Vikafjellstunnelen. Det er konkurranse med store prosjekt på rv. 13 både i Hardanger og Ryfylke.

Det er likevel slik at Vikafjellet har den klårt høgaste skredfaktoren.

Rv. 52 Hemsedalsfjellet

Her skjer det svært lite. Ein KVU for rv. 5 Skei-Håbakken er ikkje inne, men den kom heller ikkje med i NTP'en.

I B23 går det elles fram (s. 117) :

«Det er planlagt å gjennomføre enkelte utbedringstiltak. Det prioriteres bl.a. midler til restfinansiering av arbeidene med å utbedre Skjøiten bru på rv. 52 i

Hemsedal kommune. Rv. 52 er den fjellovergangen mellom Østlandet og Vestlandet med høyest andel tungtransport. Tiltakene på rv. 52 skal bedre fremkommeligheten, trafikksikkerheten og driftsforholdene, særlig på vinterstid.»

Rassikring

Det er ikkje mogeleg å finne auke i rassikringspotten.

Gjennomføringsplanen

Stortinget har pålagt regjeringa å legge fram gjennomføringsplanen i 2023.

Det er i B23 signal om endringar i skredfaktormodellen (s. 24):

«Samferdselsdepartementet har i supplerande tildelingsbrev nr. 6 til Statens vegvesen av 25. mai 2022 bedt Statens vegvesen starte opp arbeidet med å koordinere samanstillinga av ein gjennomføringsplan for ras- og skredsikring på fylkesveg basert på Statens vegvesens eksisterande planar, og at dette blir gjort i tråd med Stortingets oppmodingsvedtak nr. 470 og 466.

Statens vegvesen er i gang med å revidere reknemodellen for skredfaktor. M.a. arbeider ein for å leggje meir vekt på skredfare og forenkle modellen, slik at det blir enklare å forstå korleis skredfaktor blir rekna ut. Arbeidet med å revidere modellen har vore diskutert med fylkeskommunane, og dei har kome med viktige bidrag.

Fylkeskommunane er med andre ord godt involverte i arbeidet med revisjonen. Ved å nytte den nye modellen for alle skredpunkt med høg og middels skredfare på både riksveg og fylkesveg, vil ein oppnå heilskaplege nasjonale ras- og skredsikringsplanar.

Statens vegvesen vil i 2023 utarbeide ein oppdatert oversikt over skredsikringsbehov for riksveg basert på den nye modellen.

Samferdselsdepartementet vil følgje opp dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til saken på eigna måte.»

Det har ikkje vore tid til å sjekke om Vestland fylkeskommune har bidrege i dialogen om endra skredfaktormodell.



Oppsummering og lenker til presentasjoner frå møte i Sognatinget 27.9.2022:

Korleis kan vi påverke samfunnsutviklinga og folketalsutviklinga i regionen?

[Ja, kommunen kan påverke framtidig samfunnsutvikling](#) v/ Marit Mellingen, Distriktssenteret:

Om dei viktige bli-faktorane, betydninga av den samla utviklingskapasiteten i lokalsamfunnet og planlegging som strategisk reiskap.

[Samspel om utviklinga i Sogn - Korleis møte folketalsutviklinga i regionen?](#) v/ Tommy Aarethun, Initiativ

Vest: Tida er inne for å drøfta desentralisert sentralisering og utvikla ei felles forståing av at regionsenteret og omlandet er gjensidig avhengig av kvarandre.

Korleis kan vi jobba vidare og samarbeide for god samfunnsutvikling? Innleiingar frå ordførarane og innspel i møtet:

- kompetansemangel like utfordrande som folketalsutviklinga
- skape møteplassar for nye innbyggjarar
- vi må bli flinkare til å tenke nytt og ta aktive grep
- stå meir samla, vereause og stola på kvarandre
- vi må gjere meir for å behalde innbyggjarane vi har
- vise ungdommane kva moglegheiter som finst i regionen
- næringslivet må meir med
- samarbeide tettare om senterstruktur
- det politiske miljøet må ha som mål å gjera kvarandre betre

Inntektssystemet for kommunene NOU 2022:10 er på høyring. Sognatinget vedtok fråsegn om kraftinntektene i framlegget til nytt inntektssystem, [sjå fråsegna](#).

Høgskulen sin regionaldag

[Korleis arbeider HVL med regional utvikling? Kva ballast får studentane med seg frå HVL til arbeidslivet?](#) v/

Geir Kåre Resaland, prodekan: Om høgskulen si rolle i regionen og samarbeidet med arbeidslivet for å utvikle regionen. Tidlegare studentar delte sine erfaringar om kva dei tek med frå HVL til arbeidslivet.

[Samskaping for eit berekraftig Sogn](#) v/ Ellen Eimhjellen Blom, Hvl og [moglegheitsverkstad](#) v/ Torkjell Solbraa, Sogndal kommune:

Prosjektet Samskaping for berekraftig Sogn handlar om å få betre kopling mellom studentar, bedrifter, kommunar og frivillige organisasjonar.

I moglegheitsverkstaden jobba gruppene med problemstillinga om korleis samarbeide med HVL for å løyse kommunane sine utfordringar.

[Forsking i fokus - Speedforsking](#) v/ Vegard Fusche Moe, prodekan for forsking, Hvl og forskarar ved Hvl og

Vestlandsforsking: Korleis nytte fou-ressursane til beste for nærings- og arbeidsliv? Ni forskarar frå høgskulen og Vestlandsforsking presenterte funn og gav innblikk i mange spennande prosjekt: Korleis spelar meistringskjensle inn på læring, kva lærdom gir styrtregn og skred, helikopterforeldre, mindreårige flyktningar sitt ansvar ved familiegjenforening, skal vi bry oss om tørke og kva er data?

Sogndal vidaregåande skule, linja restaurant- og matfag

Sognatinget besøkte Sogndal vidaregåande skule til kokkekamp og middag. Samarbeidet i regionen om mat- og restaurantfaget har gitt godt resultat. Faget er igjen attraktivt for ungdommane og 15 elevar starta på utdanninga denne hausten. Rektor fortalde kor viktig det er å vise ungdommane moglegheitene tidleg og at innsatsen må halde fram. Trine Lerum Hjellhaug frå Lerum og Nils Asbjørn Lie frå Norway's best fortalde om korleis aktørane i regionen saman mobiliserte for utdanninga.

Sogndal, 30.9.2022